

Styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: Torsdag, 22.02.2024, kl. 19:00-20:00

Stad: Klasserommet i Bildøyhallen

Saker:

1/2 Innkalling

2/2 Saksliste

3/2 Orienteringar frå styremøtet 22. januar 2024

4/2 Orienteringar

a) **Møte mellom ordførar Tom Georg Indrevik, varaordførar Anita Garlid Johannessen og Mikael Tangen**

b) **Budsjettet 2024**

c) **Tilsynsvakt i Bildøyhallen**

5/2 Økonomisk støtte til NM JU17

6/2 Trenarmangelen

7/2 Politiattest

8/2 Trenarkurs

9/2 Ymse

Orientering om sakene:

1/2 Innkalling

Forslag til vedtak: Innkallinga vert godkjend.

2/2 Saksliste

Forslag til vedtak: Sakslista vert godkjent.

3/2 Orienteringar frå styremøtet 22. januar 2024

Styremøtet kunne ikkje vedta saker avdi så få styremedlemmer møtte. Sakene kan verta drøfta på årsmøtet eller av nytt styre.

4/2 Orienteringar

a) Møte mellom ordførar Tom Georg Indrevik, varaordførar Anita Garlid Johannessen og Mikael Tangen

Sjå eige referat etter møtet.

b) Budsjettet 2024

Budsjettet for 2024 tek utgangspunkt i at klubben har eit førstedivisjonslag. Dersom ikkje, må det endrast. Andre oppgåver for drifta i klubben bør då prioriterast. Nytt styre bør få i oppgåve å føreta denne prioriteringa.

c) Tilsynsvakt i Bildøyhallen

Tilsynsavtalen mellom Øygarden kommune, Sotra Badminton Club og Sotra Volleyballklubb vert vidareført i sesongen 2024-2025.

5/2 Økonomisk støtte til NM JU17

NM skal gjennomførast i Haugesund 12.-14. april 2024.

Sotra Volleyballklubb støttar lag som deltar i NM.

Felles utgifter er:

Overnatting	kr. 30000
Påmelding/dommar	kr. 8500
<u>Transport</u>	<u>kr. 3000</u>
Sum	kr. 41500

6/2 Trenarmangelen

Etter 01.01.2024 har tre trenarar slutta.

Desse bør erstattast om ikkje rekruttering og treningstilbod må reduserast.

Magne Mikael Tangen tek ansvar for U13-laga så lenge det er behov for det sesongen 2023-2024.

Markus Borge tek ansvar for GU19-spelarane resten av sesongen 2023-2024.

7/2 Politiattest

Trenar for spelarar under 18 år må ha politiattest.

8/2 Trenarkurs

Oppfordrar medlemmar til å ta trenarkurs.

9/2 Ymse

Mikael Tangen
Styreleiar Sotra Volleyballklubb

Møvik
18.02.2024